



Brigt Rune Slaattelid
Lauritz Bergendahls G 35
4021 STAVANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/3214 - 19/35418

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
Eilin.Houlison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
02.12.2019

Ferdigattest for rehabilitering av hytte innbygging av terrasse - gbnr 201/7 Sætre

Administrativt vedtak. Saknr: 691/19

Tiltakshavar: Berit Slaattelid
Ansvarleg søkjar: Brigt Rune Slaattelid
Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 06.09.2013. For tiltak med krav til uavhengig kontroll ligg det føre dokumentasjon for utført sluttkontroll.

Det vert elles vist til søknad motteken 28.11.19.

Skildring

Adresse:	Nordgardsvegen 112, gbnr 201/7 Sætre
Bygningstiltak:	Rehabilitering av hytte, innbygging av terrasse og flytting av kjøkken og bad
Bygningsnummer:	176262877-01
Bruksareal:	3 m ²

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for rehabilitering av hytte, innbygging av terrasse og flytting av kjøkken og bad i fritidsbustad på eigedom gbnr. 201/7.

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.



Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/3214

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Berit Slaattelid	Lauritz Bergendahls G 35	4021	STAVANGER
Bright Rune Slaattelid	Lauritz Bergendahls G 35	4021	STAVANGER

Mottakarar:

Bright Rune Slaattelid	Lauritz Bergendahls G 35	4021	STAVANGER
------------------------	-----------------------------	------	-----------